
Søkar

Institusjonsopplysningar

Institusjonsnamn	Lærdal bibliotek
Institusjonens e-postadresse	post@laerdal.kommune.no
Postadresse	Øyraplassen 7
Postnummer	6887
Poststad	Lærdal
Kontonummer	38380760328
Leiar av institusjonen	
Førenamn	Guro
Etternamn	Nesse
Telefon	95 894 953
E-post	guro.nesse@laerdal.kommune.no

Er leiar av institusjonen kontaktperson for Ja
tiltaket?

Tiltak

Beskriv tiltaket

Namn på tiltaket	Litteratur og livsmeistring
Mål for tiltaket	<ul style="list-style-type: none">- Auke leselysta hjå ungdommane i kommunen- Styrke litteraturkompetansen til vaksne som ungdom møter på skulen og på fritida.- Bruke litteratur som eit reiskap for livsmeistring

Beskriving av tiltaket

Dei siste åra har Lærdal folkebibliotek arbeida aktivt med å verte meir synlege i lokalmiljøet og styrke biblioteket som møtestad. Me har fått god effekt av dette, men ser at det er ei målgruppe me ikkje klarar å nå godt nok ut til. Ungdommane har allereie ein etablert møtestad på ungdomsklubben, og er lite på biblioteket på fritida. Me merkar også at utlånet til ungdom er synkende og at me må ta grep for å få denne målgruppa til å få eit større eigarskap til bibliotek og for å auke leselysta. Her har me fleire tiltak me tenkjer å sette i verk for å oppnå dette. Samtidig som me vil styrke leselysta, vil me også synleggjere korleis litteratur kan nyttast som reiskap for livsmeistring, både ovanfor ungdom og vaksne.

Lærdal kommune er i gang med eit større prosjekt som heiter "Tett på born og unge i Lærdal". Målet med dette prosjektet er at kommunen gjennom samarbeid og samhandling skal styrke born og unge sin sosiale kompetanse og fremja eit godt og inkluderande oppvekstmiljø. Her kan biblioteket bidra inn med å synleggjere korleis litteratur kan støtte opp om dette. Livsmestring er eit viktig omgrep i prosjektet og er også eit av emna i fagfornyinga som inngår i læreplanen på skulen. I formidlingsprosjektet vil me sjå meir på korleis me kan bruke litteratur for å fremje livsmeistring.

I prosjektet vil me møte ungdom på deira arena, både i klasserommet, på ungdomsklubben og digitale flater. I tillegg vil me aktivt formidle litteratur for målgruppa ovanfor vaksne som er kring dei. Dette kan vere foreldre, lærarar, tilsette på ungdomsklubben og tilsette i helsetenesta. Målet er at me ved å formidle litteratur for ungdom ovanfor desse, vil dei seinare kunne nytte litteratur i møte og samtale med barn og unge. Prosjektet vil også utforske korleis me kan nytta digital formidling i samarbeid med målgruppa.

Prosjektet har fire tiltak:

- Drive aktivt formidling ovanfor ungdom på deira arena.
- Formidle litteratur for ungdom til vaksne som arbeidar med eller har tett relasjon til målgruppa.
- Sette opp minibibliotek på ungdomsklubb og i klasserom for å gjere litteraturen meir tilgjengeleg.
- Utforske digital formidling i samarbeid med målgruppa.

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)?

Ja

Namn

Kosen ungdomsklubb

Beskriv samarbeidet

Den lokale ungdomsklubben vert eit av fleire lokale der formidlinga skal føregå. Tett samarbeid med dei tilsette som skal bidra inn i prosjektet.

Namn	Lærdalsøyri skule
Beskriv samarbeidet	Både elevar og lærarar skal møta litteraturen i løpet av skuledagen. Skule og klasserom vert nytta som formidlingsarena.
Namn	Borgund skule
Beskriv samarbeidet	Både elevar og lærarar skal møta litteraturen i løpet av skuledagen. Skule og klasserom vert nytta som formidlingsarena.
Namn	Lærdal helsestasjon
Beskriv samarbeidet	Samarbeid med tilsette på helsestasjonen om korleis dei kan nytte litteratur i møte med brukargruppene. Arena for formidling.

Budsjett

Inntekter

Omsøkt beløp frå Nasjonalbiblioteket	75 000
Beskriving andre inntekter	Eigne midlar
Beløp	30 000
Samla inntekter:	105 000

Utgifter

Beskriving andre utgifter	Frikjøp av personale
---------------------------	----------------------

Beløp	75 000
-------	--------

Beskriving andre utgifter	Medieinnkjøp til minibibliotek
---------------------------	--------------------------------

Beløp	20 000
-------	--------

Beskriving andre utgifter	Kompetanseheving for tilsette
---------------------------	-------------------------------

Beløp	10 000
-------	--------

Samla utgifter:	105 000
-----------------	---------

Inntekter - utgifter

0